

Fylkespolitikarane sel hjartet i Valebygda, og mange års dugnadsinnsats kan gå tapt ved salet av Valen og Handeland gard.

# Mykje står på spel

## VALEN GARD

Reidar Handeland og Ove Tvedt, på vegner av lag og organisasjonar i Valebygda

SIDAN 1910 OG FRAM til staten tok over sjukehusdrifta i 2002, har Hordaland fylke eigd og drive Valen og Handeland gard i Kvinnherad. Sjukehusgarden er, med tilleggande kulturlandskap, utmark, skog og kraftstasjonar, ein integrert del av bygda sin identitet og arena for mange samfunnsnyttige aktivitetar, som vanskeleg let seg måla i kroner og øre.

Alt dette er no truga etter at fylkestinget, gjennom ei særstastastig saksbehandlingsbestemt søg for å selja garden inkl. strandsona, utmark, skog og fjellområde.

Eit knapt fleirtal, 29 mot 28 vedtok i fylkestingssak 52/12 sal av garden. Fylket «sparer» med dette, i snever bedriftsøkonomisk forstand, i underkant av ein million kroner årleg.


SAKSFRAMSTILLINGA seier ingenting om all den positive verdiskapinga og dei samfunnsnyttige aktivitetane som har utvikla gjennom hundre år i samspelet mellom bygda, fylket/garden, sjukehuset og andre lokale aktørar. Dette kan no stå på spel når garden no vert lagt ut for sal og privatisert.

15 lag og organisasjonar har sendt brev til fylkespolitikarar, administrasjon og Fylkesmannen fordi ein er redd for at framtidig bruk av området og utmarka no kan bli innskrenka. Dette gjeld m.a. i høve til:

- Tilgang til strandsona, kulturlandskapet, utmarka og fjellet, opparbeidde stiar, hytter og rastehytter. Dette vil kunna råka både lokalbefolkning, inkl. skule og barnehage, og pasientar frå sjukehuset og DPS (distriktpsikiatriske senter).

- Framtida til «sjukehushyttene», som vert haldne ved like av sjukehusstiltette og nytta av pasientar og tilsette, er og usikker. Det same gjeld det særst populære turmålet Vardhaugselet i Valefjellet. Dessutan rastehytter, stiar og aktivitetsløype i nærområdet på Valen og i Handelandsdalen, som er bygde på dugnad, inkludert den vakre halvøya Valøya. Mange av desse hyttene er i praksis felleseigde, finansiert gjennom innsamla midlar og tilskot frå staten. Dei står på fylkeskommunal grunn, men står no i fare for å bli privatisert.

Når det gjeld kraftstasjonen frå 1939, er denne under ombygging for å verta eit pedagogisk senter og feltlaboratorium (TERS), som skal fremja fokus på real- og naturfag, teknologi og energi, med nedslagsfelt langt utover Valebygda.



VALEN GARD: Sjukehusgarden er, med tilleggande kulturlandskap, utmark, skog og kraftstasjonar, ein integrert del av bygda sin identitet og arena for mange samfunnsnyttige aktivitetar, understrekar artikkelforfattarane.

Også bruk av Valedalen med Valeforkastinga og strandsona med Valøya inngår i det framtidige konseptet til TERS og vil, også av denne grunn, vera viktige å sikra for framtida.

GARDEN ER EIN ALTERNATIV lærings- og meistringsarena, som med sine varierte arbeidsoppgåver og sin nærleik både til psykiatri og vidaregåande tilbod, kan nyttast både av skuletrøyt ungdom (Ny Giv), og andre brukarar med særskilde behov. Her har fylket ein unik sjanse til å utvikla tilbod til menneske som treng tilrettelegging for å utvikla kompetanse, arbeidsliv og ein meningsfull kvardag. Dette ville truleg vore ei god samfunnsøkonomisk investering.

MANGE ANDRE LAG DRIV aktivitetane i samarbeid med Valen og Handeland gard. Dette gjeld m.a. jakt og fiske, skyttarlag, båt-

hamna i Valevågen, gammal kystkultur, hest og ridning, merking av turløyper til fjells osv. I tillegg er både fjellet og strandsona mykje nytta til trim og friluftsliv både av sjukehuset, lokalbefolkning og tilreisande.

All denne verdiskapinga, som ikkje så lett let seg uttrykka i kroner og øre, men desto meir i livskvalitet, meistring - læring, terapi, folkehelse, og ivaretaking av kultur og sjukehushistorie, kan vera truga når garden blir sold.

IKKJE NOKO AV DETTE kom fram i saksframstillinga då fylkespolitikarane vedtok å selja garden og ingen lokale aktørar har vore tekne med på råd eller fått

## fakta

### Valen og Handeland Gard

- Fylkestinget har vedteke sal av Valen og Handeland Gard på Valen i Kvinnherad.
- Solet omfattar:
- Garden med strandsona, skog, utmark og fjellområde
- Sentrale turmål som Vardhaugselet, Valedalen, Handelandsdalen og strandsona med Valøya
- Fleire «sjukehushyttene» og rastehytter bygd på dugnad midt for innsomnia og statlege midlar
- Natur og landskapsområde som inngår i TERS sitt framtidige virke (sjå innlegg)
- Det fylkeskommunale Valen Kraftverk planlegg samstundes ny kraftstasjon og store naturinngrep i Valedalen

uttala seg under saksførebuinga. Heller ikkje opplysningar om diverse avtaler, hefte og uavklart juss er teke med.

Summen av dette er, slik vi ser det, at vedtaket i sak 52/12 er gjort på feil og dels mangelfullt grunnlag.

DET BØR ELLES NEMNAST at Hordaland fylke, som eig Valen kraftverk, har haldt unna fallretane

i Valefjellet. Dette er naturressursar som gjev store inntekter for fylket. Med ei fast årleg overføring kunne ein sikra drifta av Valen og Handeland gard. Fylket har og vidare planar om å bygga endå eit kraftverk med til dels store naturinngrep i den vakre Valedalen. Dette i eit område som vert mykje nytta til friluftsføremål, og som saman med hyttene i området inngår i TERS sine planar for å fremja fokus på energi, teknologi og realfag i skulen.

DET TENER FYLKET og politikarar til lita ære å avslutta eit hundreårig samarbeid med Valebygda med å opptre som ei gammaldags kolonimakt, eller føydalherre, som tappar området for ressursar, for så å trekkja seg ut og selja restane, les Valen og Handeland gard, til høgstbydande.

Vi vel å tru at politikarane i Fylkestinget ikkje var klar over konsekvensane av vedtaket og vil be om at saka vert vurdert på nytt med utgangspunkt i tilleggsinformasjonen i dette skrevet. Sjå og [www.valestiftinga.no](http://www.valestiftinga.no) og [www.kvinnherad.info/ters/](http://www.kvinnherad.info/ters/). Vi vil oppnoda om at:

FYLKESUTVALET VURDERER saka på nytt og at det vert sett ned eit utval, med lokal representasjon, for å greia ut framtidig alternativ bruk av Valen og Handeland gard.

- Subsidiært til fylkesutvalet sikrar framtidig bruk av området ved at fjellet, Valøya, strandsona og kulturlandskapet nedanfor rikovegen, som ikkje er jordbruksland, vert haldt unna salet av garden, og at allmenn bruk av stiar, hytter og rastehytter vert ivareteken og kan brukast som no.